

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga

Fylkeshuset, 6400 Molde Telefon: 71 25 80 00 Telefax: 71 25 85 10

Forord

"Norge er et land i verden-" er kommentaren som fell frå ein politikarmunn for nokre år sidan og som rommer meir enn berre ei tyding. Noreg har på mange måtar markert seg som eit føregangslan d i verdssamfunnet når det gjeld miljøvern, og både vår statsminister og andre med norsk opphav er blir lagt merke til i den internasjonale miljøverndebatten. Dette kjem sær s godt til uttrykk m.a. gjennom arbeidet i Verdiskommisjonen for miljø og utvikling som la fram sin rapport i 1987, og i Rio-konferansen i 1992 der oppfølginga av rapporten blei behandla. Vår framskutte posisjon i den internasjonale debatten kan vi med rette vere stolte av, men denne posisjonen plikter oss kanskje særleg til å følgje opp dei internasjonale avtalane som Noreg har slutta seg til innafør miljøvernsektoren.

Vi som bur i Møre og Romsdal er rikeleg velsigna med storslagen natur, god plass og rein omgjevnad. Mange hevder at vi har nok av areal på land og sjø, reint drikkevatt, støyfrie bustadområde, nok fisk og vilt og store uberørte naturområde. Vi som arbeider i forvaltninga kan ikkje si oss heilt samde i dette idealbildet som ein karakteristikk av miljøstatus i Møre og Romsdal. Vi veit at areal er ein stadig meir synleg minimumsfaktor i skjæringsfeltet mellom busetting, næringsutvikling og vern av natur. Vi registrerer at ei rekkje bustader langs trafikerte vegar er sterkt utsett for støy. Vi får dokumentasjon om at fleire dyreartar i vår del av landet har ein bestand som er faretruande låg.

Fleire blir etter kvart klår over kva for verdiar vi har å forvalte innafør vårt fylke. Naturperlar som er sjeldne i nasjonal og evt. internasjonal samanheng, blir sett stor pris på av turistar som gjester vår landsdel. Under slagordet "Noreg, ditt beste ferieland" ligg det mellom anna eit medvit om dei naturgjevne kvalitetane vi råder over. Innafor sentrale næringar som t.d. fiskeoppdrett og turisme registrerer vi ei auka forståing for kva ei langsiktig berekraftig utvikling vil ha å seie for næringsliv og busetting.

Informasjon blir ein stadig viktigare del av arbeidet vårt i dette feltet. Når miljøvernomsyn blir for lite ivaretekne i kommuneplanarbeidet og når mangel på heilskapleg planlegging fører til oppstykking av verdfulle naturområde, blir vår rolle som informasjonsarbeidarar viktigare. Denne årsmeldinga er eitt ledd i vår informasjon til omverda om kva den statlege miljøvernforvaltninga i Møre og Romsdal har brukt tid og ressursar på i 1993.

20. januar 1994

Per Fredrik Brun
fylkesmiljøvern sjef

INNHALD:

FORORD

- I Temarapport om AVFALL
- II Temarapport om OMRÅDEVERN
- III Temarapport om GYRODACTYLUS SALARIS
- IV Temarapport om ROVVILT

1	INNLEIING	1
2	DEI VIKTIGASTE MILJØUTFORDRINGANE	2
3	VIKTIGE STRATEGIAR	4
	Miljøvern i kommunane, bruk av Plan- og bygningslova	4
	Bruk av økonomiske verkemiddel.....	4
	Oversikt over miljøtilstanden	4
	Informasjon til publikum	5
	Miljøretta helsevern	5
	Bruk av EDB.....	5
	Effektiv bruk av personale	5
4	NASJONALE INNSATSOMRÅDE	6
	4.1 Innsatsområde 1: BIOLOGISK MANGFOLD	6
	4.2 Innsatsområde 2: OMRÅDEVERN	6
	4.3 Innsatsområde 3: VILTFORVALTNING	7
	4.4 Innsatsområde 4: OVERVAKING-TÅLEGRENSER-KLIMA	8
	4.5 Innsatsområde 5: LAKS OG INNLANDSFISKE	9
	4.6 Innsatsområde 6: KYST OG MARIN NATURFORVALTNING.....	10
	4.7 Innsatsområde 7: NATURINNGREP	11
	4.8 Innsatsområde 8: KULTURLANDSKAP.....	12
	4.9 Innsatsområde 9: FRILUFTSLIV	12
	4.10 Innsatsområde 10: KLIMAENDRINGER.....	13
	4.11 Innsatsområde 11: FORSURING.....	13
	4.12 Innsatsområde 12: LOKAL LUFTFORURENSNING OG STØY.....	13
	4.13 Innsatsområde 13: MILJØGIFTER.....	14
	4.14 Innsatsområde 14: OVERGJØDSLING	14
	4.15 Innsatsområde 15: INNGREP OG AREALBRUK I VANNMILJØ	16
	4.16 Innsatsområde 16: OLJE OG KJEMIKALIEFORURENSING.....	16
	4.17 Innsatsområde 17: HELSEFARLEGE STOFF OG PRODUKT	16
	4.18 Innsatsområde 18: AVFALL OG GJENVINNING	17
	4.19 Innsatsområde 19: SPESIALAVFALL/BILVRAK	18
	4.20 Innsatsområde 20: ADMINISTRASJON OG INTERN TID	18

Vedlegg 1

Ressursoversikt 1993

Vedlegg 2

Posterings- og Belastningsfullmakter 1993

To års planlegging dannet grunnlaget for rotenonbehandlingen av Raumavassdragene. I løpet av to uker ble 9 elver, med Rauma som den største, behandlet for å utrydde lakseparasitten. Over 100 personer stod på fra morgen til kveld i hele perioden og viste en iver og innsats det står respekt av. Under behandlingen ble det utdosert rotenonholdig vann ovenfor den lakseførende strekning i flere timer. Samtidig gikk manngardslag på begge sider av vassdraget og behandlet alle sidebekker, dammer, bakevjer, oppkommer etc. Med en formidabel hjelp og innsats fra forsvaret hadde alle lag ute i terrenget sambandskontakt med aksjonsledelsen. Gjennom meldinger fra lagene kunne ledelsen til enhver tid følge og koordinere aktiviteten ute i terrenget. Elveeierlagene og jeger og fiskerforeninga gjorde en meget god jobb med å plukke opp død fisk.

Stamfiske etter laks har foregått i mange år. Dette materialet oppbevares på Herje smoltanlegg. Melke fra stamlaks er frosset ned i DN's genbank, og flere laksestammer er sikret i DN's levende genbank for laksefisk på Haukvik i Sør-Trøndelag. Forut for aksjonen ble det fisket stamfisk av både laks og sjøaure. Over 1000 sjøaurer ble fanget og satt i merder før behandlingen. Denne fisken ble allerede fire dager etter aksjonens slutt sluppet fri slik at den kunne gå på elva for å gyte. Forholdene ligger nå til rette for at de stedegne laks- og sjøaurestammer igjen skal kunne etablere seg i vassdragene.

I Møre og Romsdal har vi nå rotenonbehandlet 14 av våre 18 infiserte vassdrag. Av disse behandlede elvene er 4 allerede friskmeldt og ytterligere 5 vassdrag viser en lovende utvikling. Dette betyr at vi om kort tid kan ha rehabilitert 9 av våre lakseelver ved hjelp av rotenon. Dette er resultater som selv den største skeptiker ikke kan se bort fra. Elvene friskmeldes først når produksjonen av laksunger er kommet opp på et normalt nivå. I praksis vil det ofte ta 3-5 år fra rotenonbehandling til vassdraget blir friskmeldt. Prøver tatt etter rotenonbehandling viser at produksjonen av laksunger tar seg raskt opp i elvene, noe som over litt tid gir seg utslag i økte fangster.

Den debatten som vi i Norge har hatt om bruk av rotenon i kampen mot en av villaksens største fiender, lakseparasitten *G. salaris*, har ført til at nye forskningsresultater og konsekvensutredninger er framlagt. Ingen er vel uenig i at rotenonbehandlinger er et drastisk tiltak i kampen mot parasitten, men det finnes idag dessverre ingen alternativer. I Lakselva i Misvær, Nordland, er den stedegne laksestammen utryddet som følge av *Gyrodactylus*angrepet. Forvaltningen er redd for at flere laksestammer vil lide samme skjebne dersom ingen ting blir gjort og man inntar en avventende holdning. Problemene som lakseparasitten forårsaker er ikke bare et lokalt anliggende. Norge har bl.a. gjennom Laksekonvensjonen om vern av laks i det nordlige Atlanterhav forpliktet seg til å verne om og bevare de norske laksestammene. Vi i forvaltningen ser på rotenonbehandling som et nødvendig og viktig virkemiddel for å oppfylle denne forpliktelsen.

IV FORVALTNING AV STORE ROVDYR - ERSTATNING FOR ROVVILTSKADE

av Asbjørn Børset

Innleiing

Store rovdyr omfattar bjørn, ulv, jerv og gaupe. Alle artane er påvist i fylket dei seinare åra. Felles for desse artane er at dei er omfatta av erstatningsreglane for skade på bufe ved at staten yter økonomisk kompensasjon når det er bevist eller sannsynleggjort at dei nemnte artane har valda skade. Kongeørn kjem og inn under erstatningsreglane. Det er og ein fellesnemnar at dei store rovpattedyra er sjeldsynte og akutt truga eller sårbare når det gjeld forekomst her i landet. Kongeørn er meir talrik, men og denne arten er klassifisert som sårbar.

Kvifor ta vare på rovviltet

Synet på rovvilt har endra seg mykje gjennom dei seinast tiåra. I eldre tid vart det meste med krumt nebb og kvasse klør utelukkande sett på som ein trussel, anten mot beitande bufe eller mot såkalla matnyttig vilt, som og spela ei viktig rolle både som matressurs og økonomisk inntektskjelde i mange bygdesamfunn. I dag er det likevel brei semje om at artsmangfaldet i naturen skal takast vare på, sjølv om dette ikkje alltid er konfliktfritt i høve til ulike interesser. Dette synet er nedfelt både i nasjonalt lovverk og i internasjonale avtalar som Noreg har forplikta seg på. M.a. var vern av biologisk mangfald eit av hovudtema i den store miljøkonferansen i Brasil i 1992.

Sjølv om lovverket er klart og vi har forplikta oss gjennom internasjonalt avtaleverk til å ta vare på artemangfaldet i naturen, er det mange som ikkje forstår hensikta med å bevare dyreartar som fører til negative konsekvensar for næringsverksemd eller til liding for bufe og andre byttedyr. Kort oppsummert kan ein seie at det er følgjande grunnar for å bevare store rovdyr i naturen vår:

Økologiske motiv: Dei store rovdyra kan ha ein viktig funksjon i mange økosystem. Dersom vi ser på jerven, viser det seg at han plukkar ut eldre og lite produktive reinsimlar med nedslitte tenner. Restane etter jerven sine måltid er vidare ein viktig føderessurs for fjellreven, som og er ein art med usikker bestandstaus her i landet.

Ressursmessige motiv: Sjølv om dei store rovdyra i tidlegare tid var uønskja, var dei samtidig ei viktig ressurskjelde, m.a. gjennom kjøt og verdfullt skinn. Akkurat dette er lite aktuelt i vår tid, men bestandar av store rovviltartar vil og i vårt samfunn kunne utnyttast økonomisk gjennom reiseliv og naturbasert turisme. Dette er enda lite utvikla her i landet, men i mange andre land er dette eit svært vesentleg motiv for for vern av mange pattedyrartar.

Etiske motiv: Dette motivet stiller spørsmål ved vår generasjon sin rett til å utrydde artar og til å ta i frå komande generasjonar sitt høve til å oppleve eit rikt og variert dyreliv.

Kulturelle motiv: Fleire av dei artane det her gjeld og da særleg ulv og bjørn, er sterkt nedfelt i norsk kulturtradisjon, og er ofte omtala i skjønnlitteratur, segn, eventyr, mytologi og historiske skrifter. Dersom dei vert fjerna vert vi på mange måtar eit fattigare folk også reint kulturelt.

Opplevelsesmessige motiv: Sjølv om berre dei færreste får høve til å sjå store rovdyr i naturen, set det ein ekstra spiss på naturopplevinga for mange berre å vite at dei aktuelle artane finst i terreng der dei ferdast, og ikkje minst ved å få høve til å sjå sporteikn etter dei.

Registrering av store rovdyr

Arbeidet med registrering av store rovdyr vart delegert til fylkesmannen i 1987 og i 1993 fekk ein tilsett rovviltkonsulent i eit 3-årig engasjement for å dekke dette saksfeltet saman med behandling av erstatningssøknader. Til hjelp i arbeidet med registrering av forekomst av store rovdyr er ein avhengig av at dei som ser slike dyr eller spor etter dei melder frå om det dei har opplevd. Dei som ønskjer at det dei måtte ha sett ikkje skal kome ut kan sjølv sagt få full anonymitet.

Vi har elles lagt opp eit desentralisert system med lokale rovviltkontakter rundt om i mange av kommunane. Dette er personar som har fått ei innføring i arbeidet med å verifisere spor og undersøke kadaver som er mistenkt tatt av rovvilt. I 1993 hadde vi 17 slike rovviltkontaktar rundt om i kommunane.

Forekomst av store rovviltartar i Møre og Romsdal

Ulv

Ulven er den sjeldnaste av dei store rovdyra i Skandinavisk fauna med to til tre reproduserande par i Hedmark og Midt-Sverige. Dei individa som år om anna vert observert utanom desse områda er mest sannsynleg individ som vert utstøytt frå yngleflokkane og legg ut på ei usikker vandring til nye område. Fram til 1992 var det ikkje felt ulv her i fylket sidan i 1905. I perioden 1948-84 har det vore 3 sannsynlege og 12 uoppklarte ulvemeldingar frå Møre og Romsdal. Sidan den tid har det ikkje kome meldingar som ikkje er vurdert til å vere feil eller forkasta før i 1992. Da vart det gjort ein godkjent observasjon av eitt streifindivd i Rindal på seinvinteren. Same sommar var det store sauetap i Tingvoll som kopla saman med synsobservasjonar viste at det høgst sannsynleg var ein ulv også i dette området. Dette individet vart felt ulovleg same hausten. I samband med denne saka vart det erstatta 17 vaksne sauer og 103 lam som ein fann det sannsynleg at dette dyret hadde tatt Tingvoll og naboområda i Sunndal. I 1993 forelegg det ei uoppklart melding om ulv i fylket.

Bjørn

Skotpremiestatistikken viser at Møre og Romsdal i eldre tid saman med dei andre vestlandsfylka truleg har hatt den tettaste bjørnebestandane i heile Skandinavia. I løpet av dette hundreåret er det såleis betalt ut spotpremie på 65 dyr der den siste vart felt i 1924. Sidan den tid har vi i hovudsak mest sannsynleg berre hatt tilfeldige streifindivd.

I samband med det nasjonale Rovviltprosjektet som vart oppsummert i 1984 konkluderte ein med at det var minimum 4 bjørnar med tilhald på Nordmøre, medan talet på landsbasis vart sett til rundt 200 dyr. Sidan den tid har det kome fram mykje ny kunnskap om bjørnen sin biologgi gjennom det svensk-norske bjørneprosjektet der eit stort tal individ er merka med radiohalsband. Resultata frå dette prosjektet viser at særleg ung hannbjørn som oppheld seg i område med lite binner lite binner vandrar mykje lenger enn det enn tidlegare trudde. Mange av observasjonane som tidlegare vart tolka som fleire individ har i lys av denne kunnskapen mest sannsynleg vore bjørn på langvandring, noko som gjorde at bjørnestammen for ti år sidan vart kraftig overvurdert. Slik ein vurderer situasjonen i dag er det berre i tilknytning til grensa mot Sverige at vi har faste bestandar av bjørn, og det er berre i desse områda at det i løpet av dei fem siste åra finst godkjente meldingar om observasjon av binner. Men kunnskapen om lange vandringar utelukkar ikkje at det og kan forekomme bjørn i Møre og Romsdal. Såleis kan ein i teorien tenkje seg at at ein bjørn nede i Trysil som legg ut på langvandring godt kan vere i vårt fylke i løpet av ei god veke.

Den siste godkjente bjørnemeldinga frå Møre og Romsdal er frå 1991 då fleire observasjonar og funn av eit hår som vart undersøkt viste at det var bjørn i Sykkylven. I 1993 ligg det føre fleire meldingar om observasjon av bjørn frå kommunane Aure, Halså, Sunndal og Sunndal. Dessutan kom det inn ei spormelding frå Stranda. Ingen av desse meldingane har ein detaljeringsgrad som gjer at dei kan få høgare status enn uoppklarte bjørnemeldingar.

Jerv

Vårt fylke har del i den sømorske jervestammen som finst utbreidd i fjellområda Rondane, Dovrefjell, Trollheimen og Reinheimen. Den siste bestandsvurderinga som vart gjort gjennom ei koordinert sporing i april 1992 viser at vi innafor dette området har rundt 20 jerv. Dette er same bestandsnivå som det ein har funne gjennom tilsvarende sporingar dei siste ti åra. Kor mange av desse som oppheld seg i Møre og Romsdal vil variere gjennom året. Sikker yngling er berre kjent frå Snøhettaområdet. I 1993 har vi godkjente jervemeldingar frå kommunane Rindal, Sunndal, Sunndal, Nesset, Rauma og Norddal.

Jervebestanden i dette området er vurdert som truga. Ei av årsakene til dette er at det er få ynglande tisper der tilfeldige hendingar kan resultere i at dei reproduserande tispene fell ut. Ei anna uvisse som er svært viktig er at vi manglar sikker kunnskap om bestanden er genetisk isolert eller ikkje. Lenger nordover i Noreg innafor område med tamreindrift har vi ei livskraftig jervestamme der det vil bli tillatt med kvoteregulert jakt i 1994. Dersom det er ein import av dyr frå desse områda til Dovre/Rondane jervregion vil og denne siste kunne oppfattast som meir levedyktig enn om ho er genetisk isolert. Skjer det ikkje slik import vil ein kunne få effektar av innavl med svakare og mindre livskraftige individ som resultat. Ei anna effekt som kan fryktast er at i ei stamme med så få individ kan truleg ein del av stamma sitt arvelege mangfald vere knytt til einskildindivid. Når eit slikt individ fell frå, kanskje utan å ha teke del i forplantninga, vil det arvematerialet som kanskje berre dette individet har gå tapt for all framtid. Dette resulterer i at bestanden blir mindre skikka til å tilpasse seg mogelege endringar i livsmiljøet gjennom genetisk tilpassing. På lengre sikt fører dette til at alle individa blir meir og meir lik kvarandre og vi får ei svært lite robust og tilpassningsdyktig stamme som vil bli ekstremt sårbar overfor miljøendringar.

I tråd med Stortingsmelding nr. 27 (Rovviltmeldinga) vil det bli oppretta eit kjerneområde for jerv med utangspunkt i stamma rundt Snøhetta. Innafor kjerneområdet skal jerven ha ekstra sikkert vern. Her skal ein prioritere forebyggjande tiltak for å redusere skadeomfang framfor å ta ut skadegjerande individ. Dersom individ av jerv etablerer seg og gjer stor skade utafor kjerneområdet vil det her bli vesentleg lettare å få fellingsløyve. I 1992 har det vore ein stor høringsrunde når det gjeld å fastsette grensene for kjerneområdet. I høringa gjekk fylkesmannen inn for ta med heile Snøhettaområdet og Reinheimen i dette området medan ein foreslo at Trollheimen burde haldast utafor.

Gaupe

Medan ulven vart freda i 1972 og bjørn og jerv i 1973 vart gaupa i Sør-Noreg først freda i 1992. Grunnen til dette er at gaupa har vore og er vesentleg meir talrik og med større utbreiing her i landet enn dei tre andre artane. Her i fylket er likevel arten svært fåtallig og den siste gaupa i Møre og Romsdal som ein kjenner til vart skota i Rauma i 1980. Frå dei siste par åra har vi godkjente gaupemeldingar frå Aure, Halså, Surnadal, Sunndal, Tingvoll, Rauma, Molde, Fræna, Stordal, Sykkylven og Vanylven. Gaupa er imidlertid ein langvandrar og fleire av meldingane kan truleg dreie seg om same dyret. Det einaste beviset på yngling i vårt fylke frå dei siste tiåra er frå Molde kommune der det i 1991 vart gjort eit kraniefunn av ein gaupeunge som enda ikkje hadde felt melketennene.

I 1993 vart det innført kvoteregulert jakt på gaupe her i landet, og der det er opp til den enkelte fylkesmann å fastsette kvoter der ein meiner bestande toler jaktuttak. Enda er kunnskapen om gaupa sin situasjon i Møre og Romsdal for dårleg til at det vil vere aktuelt å fastsette noko kvote.

Erstatning for rovviltskade

I 1993 vart det gitt nye reglar for erstatning for skade valda av freda rovvilt samtidig som erstatningsordninga vart delegert til fylkesmannen. Dei nye reglane skulle og nyttast til erstatning for skadeåret 1992. Reglane er ikkje vesentleg forskjellig frå det gamle regelverket, men kravet som regelverket set når det gjeld om å melde frå om skadetilfelle og at skaden skal dokumenterast eller sannsynleggjerast har vorte innskjerpa.

Som det går fram av tabellen nedafor har det vore ein kraftig nedgang i søknadsmengda og utbetalingane når det gjeld skade på sau og lam frå 1992 til 1993:

År	Tal søknader	Søkt sau	Søkt lam	Søknader erstatta	Tal erstatta sau	Tal erstatta lam	Utbetalt erstatning
1992	117	167	1197	88	88	678	976 655
1993	52	103	558	38	42	286	457 098

Jerven er den arten som klart valdar størst skade her i fylket. Oversikta over aktuelle skadevaldarar går fram av følgjande tabell som viser utbetalte erstatningar gruppert på skadegjerande art:


År	Jerv		Ulv		Gaupe		Ørn		Uspesifisert	
	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam	Sau	Lam
1992	62	455	17	103	6	13	0	0	3	107
1993	39	256	0	0	1	12	0	2	2	16

Det har som nemnt vore ein markert nedgang i søknadene frå 1992 til 1993. Ein viktig årsak til dette var dei store ulveskadene i 1992. Men det har og vore ein markert nedgang i skadene av jerv i same perioden. I tillegg til direkte frå søknadsmengda kan dette og lesast ut av det ein har fått dokumentert som sikker jerveskade ut frå kadaverfunn. Situasjonen her går fram av følgjande tabell:

Kommune	1992		1993	
	Søkt sau+lam	Dokumentert	Søkt sau+lam	Dokumentert
Rauma	74	0	6	3
Neset	140	4	117	1
Sunnadal	323	38	188	9
Surnadal	186	7	160	16
Rindal	18	0	0	0
Sum	741	49	471	29

Det er ein gledeleg situasjon at etter ein lengre tids auke med jerveskade i Møre og Romsdal så har utvikling snudd. Den følgjande kurve viser tal på dyr det er søkt om erstatning for sidan 1987.

Tal på dyr det er søkt om jerveskadeerstatning for i tida 1987 - 1993



Det vanskeleg å finne umiddelbare forklaringar på den registrerte nedgangen, og berre framtida vil vise om det er ein tilfeldig variasjon eller om eit redusert skadeomfang vil vare ved.

Det kunne ellers ha vore ein aktuell hypotese å sett nedgangen i skadeomfang med den innsats som har vore for å forebygge skade. Dei tre siste åra har ein ytt ein god del midlar til tilsynsordningar i dei mest utsette skadeområda. I 1992 vart det såleis nytta kr. 400 000 til tilsyn mot kr. 250 000 i 1993. I tillegg har ein og fått eit visst tilsyn i regi av arbeidmarknadsetaten (SKAP). Det har vore tilsynsprosjekt i kommunane Norddal (1992), Rauma (1992-93), Nesset (1992-93), Sunndal (1991-93), Surnadal (1992-93) og Rindal (1991-93). Erfaringane med tilsynet har på mange måtar vore positive, men konklusjonane er ikkje eintydige når det gjeld skadeforebyggjande effekt. Det er i alle fall ikkje opplagte indikasjonar på at tilsynet skulle ha hatt ein vesentleg annan effekt i 1993 enn tidlegare. Slik må ein inntil vidare truleg søkje etter årsakene til skadenedgangen dette året i andre forhold enn tilsynet.

Det siste året har det og vore drive forsøk med andre metodar for å forebygge skade. Såleis har NINA hatt eit prosjekt i kommunane rundt Snøhetta der ulike lukt og smaksstoff har vore festa til nakken på sauer og lam for å hindre jerveskade. Det er enda for tidleg å dra sikre konklusjonar ut frå forsøket, men resultatane så langt er såpass interessante at ein ønskjer å gå vidare med forsøket. Elles er det klare indikasjonar på at vaksne sauer med metallklave og bjølle er mindre utsette for nakkebitt frå jerv enn dyr utan slikt vern. Enda har ein ikkje fått utvikla klaveinnretningar som er fullgode for lam, men dette er noko det vil bli arbeid med. Berre framtida vil vise kor langt ein kan kome for å hindre at freda rovvilt gjer skade på bufe, men det er ei klar offentleg målsetting om å bidra til å redusere skadeomfanget så mykje som muleg samtidig som ein sikrar levdyktige bestandar av dei aktuelle artane her i landet.

I TEMARAPPORT OM AVFALL

av Kolbjørn Megård

Strengare krav til avfallsbehandlinga

- *Avfallsminimering*
- *kjeldesortering og gjenvinning av ressursar*
- *best mogleg behandling av restavfallet*

er stikkord i den nasjonale avfallspolitikken. Desse nye måla for avfallsbehandlinga vil kreve ei stor omlegging av innsamling og behandling av avfall. Denne omlegginga er kome så vidt i gang, og så langt er Fylkesmannen godt fornøgd med det arbeidet som foregår i fylket.

Forbruksavfall

Behandling i få sentrale anlegg

Frå 1994 vil mesteparten av forbruksavfallet og produksjonsavfallet i fylket anten bli brent i Tafjord Kraftselskap sin omn på Grautneset i Ålesund eller deponert på Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) si fylling i Årødalen i Molde kommune. Spesielt må ein merke seg at Nordmøre Interkommunale Renovasjonsselskapet frå 1994 går inn for å levere forbruksavfall sitt til RIR. Nesset kommune er blitt medlem av RIR frå årsskiftet.

Oppgradering av avfallsplassar

Noko av grunnen til at slike sentraliserte behandlingsanlegg tvingar seg fram, er skjerpa krav til avfallsplassane og at meir avfall etterkvart vil bli kjeldesortert og gjenvunne. Små avfallsplassar vil derfor ofte representere dyrare behandlingkostnader enn transport til og behandling i større anlegg. Grovavfallsplassar får no dei same krava som ordinære avfallsplassar: Dette er: Oversikt og kontroll over mottatt avfall, vekt, krav om at gjenvinnbart avfall ikkje blir deponert, oppsamling og kontroll med sigevatnet, strengare krav til drift, oppsamling av deponigass, oppfølging av plassen i inntil 30 år etter avslutting. Dei nye krav vil bli gjort gjeldande så snart som råd, og seinast i løpet av 2-3 år (1996).

Separat behandling av våtorganisk avfall

Som konsekvens av skjerpa krav til avfallsplassar blir det i løpet av dei næraste åra nødvendig å behandle våtorganisk avfall separat, anten som heimekompostering eller ved ulike sentrale behandlingsanlegg. Her er teknologien enno under vurdering, men former for reaktorkompostering eller frilandskompostering synest mest aktuell. Det er ikkje avklart målestokk for slike sentrale behandlingsanlegg om dei skal vere store sentrale anlegg eller mindre anlegg fleire/mange stader i fylket.

Kjeldesortering og gjenvinning

Det er etablert ymse ordningar for mottak eller innsamling av gjenvinnbart avfall i meir enn halvparten av kommunane i fylket. Dette gjeld spesielt glas og papp/papir. Kommunane er i ferd med å utvikle desse ordningane slik at systemet blir meir effektivt. Dette gjeld spesielt overgang til innsamling av papp/papir og innsamling av landbruksplast. Den nasjonale satsinga på gjenvinning er primært basert på ombruk og materialgjenvinning.

Energigjenvinning kan og aksepterast når dette synest meir interessant.

Kristiansund med i nasjonalt demonstrasjonsprosjekt

Kristiansund kommune er med i eit nasjonalt prosjekt "Kildesortering 3 byer" der det skal gjennomføres fullskala forsøk som grunnlag for råd til andre kommunar om kva som er best løysing. Kristiansund sitt prosjekt er basert på kjeldesortering av gjenvinnbart avfall frå alle abonnentane, heimekompostering av våtorganisk avfall frå 1100 husstandar og innsamling av våtorganisk avfall frå 3500 hustandar for sentral kompostering.

Matavfall skal bli til dyrefôr

I 1993 er det pånytt sett fortgang i arbeidet med å få etablert eit steriliseringsanlegg for matavfall slik at matrestar får storhuskjøkken m.v. kan brukast til dyrefôr. Ei slik løysing kan truleg bli realisert i 1994. Anlegget er planlagt plassert i Rauma og kan ta imot matavfall frå storhuskjøkken og matvareprodusentar i størstedelen av fylket.

Produksjonsavfall

Oppdrettsnæringa har løyst avfallsproblemet sitt

I samsvar med nasjonal satsing på effektiv innsamling og bruk av avfall frå oppdrettsnæringa er det foretatt ei tett oppfølging med næringa. Det er no bortimot 100 % deltaking i system som utnyttar og/eller gjenvinn oppdrettsavfall.


Behov for beredskapsordning ved stor fiskedød

Møre og Romsdal er mellom dei største oppdrettsfylka i landet. Oppdrett og slakting fører til at store mengder avfall må behandlast særskilt ut frå sjukdomsmessige og forureiningsmessige omsyn. Det har vore ei nasjonal målsetting at dette avfallet skulle behandlast i spesielt godkjente anlegg der avfallet blir nytta som råstoff for feitt- og fôrproduksjon. I løpet av 1993 har alle oppdrettsanlegg ingått leveringsavtale til godkjent firma/behandlingsanlegg.

Spesialavfall

Skvett'n - Innsamlingsordning for spesialavfall frå hushaldningar

Møre og Romsdal har tidlegare vore dekkja av 3 firma (operatørar) som har samla inn spesialavfall frå dei verksemdar som har leveringsplikt (større mengder). Nokre kommunar har hatt mottaksstasjonar eller organisert innsamlingsaksjonar. Frå og med 1994 vil det vere i drift eit nytt fylkesdekkjande mottaks og innsamlingsssystem som skal dekkje hushaldningar og mindre verksemdar i fylket. Systemet er basert på utplassering av esker og mottakstasjonar for spesialavfall under Skvett'n-logoen.




Bilvrak

Sidan 1978 har det vore i drift eit innsamlingsssystem for bilvrak. Ved levering til godkjente biloppsamlingsplassar får vrakeigaren vrakpant på 1000

kr. Det er i dag 6 godkjente biloppsamlingsplassar i fylket. Årleg blir det samla inn ca 3500 bilvrak. Dette utgjør berre 90-95 % av bilane som blir vraka. Resten av bilvraka kan føre til forsøpling i bustadområde eller ute i naturen. Bussar, lastebilar, traktorar og landbruksreiskap m.v blir ikkje omfatta av ordninga. Kommunane har i 1993 gitt opplysningar om kor mange bilvrak som ligg omkring i kommunane og om dei representerer miljømessig ulempe. Denne registreringa tyder på at vrak som ikkje blir omfatta av vrakpantordninga representerer eit større problem enn dei pantevraka som ikkje blir innlevert.

Kommunevis oversikt over registrerte bilvrak 1993



Scenario år 2000

Som det mest vidtgående scenario ser fylkesmannen ei løysing der "alt" avfall blir gjenstand for kjeldesortering.

- Våtorganisk avfall blir behandla ved heimekompostering eller innsamla og behandla i sentrale anlegg (kompostering eller anna behandling). Hageavfall blir delvis behandla i meir lokale og enklare løysingar.
- Matavfall frå storhushaldningar blir nytta til dyrefôr
- Tremateriale bli hogge opp til flis og nytta til brensel.
- Papir, plast, metall blir kjeldesortert og gjenvunne.
- Spesialavfall blir samla inn gjennom spesialavfallssystemet (Skvett'n og operatørar).
- Reine massar blir brukt som fyllmasse.
- Restavfallet blir deponert på eit fåtal plassar, eller brent på Grautneset (eller Heimdal).

ÅRSMELDING 1993

1 INNLEIING

I fleire år har Miljøverndepartementet, Statens Forurensningstilsyn, Direktoratet for Naturforvaltning og miljøvernavdelingane arbeidd med å utvikle eit system for budsjettering, målstyring og resultatkontroll. Systemet er populært kalla **Budsjett hjulet**. Planlegging, budsjettering og rapportering er viktige element i dette systemet og det er meininga at det skal bli mogleg å følgje løyvingane til Stortinget gjennom det byråkratiske systemet fram til endeleg bruk, og på denne måten finne ut kva nytte samfunnet har av løyvingane.

Virksomhetsplanlegginga i miljøvernavdelingane er styrt ved at SFT og DN har definert 19 nasjonale **innsatsområde** for miljøvernet. Innsatsområda er basert på den miljøpolitiske utgreiinga som Miljøvernministeren kvart år legg fram for Stortinget. Alt arbeid miljøvernavdelingane gjer skal finne sin plass i eit av desse innsatsområda. Den regionale prioriteringa kjem til uttrykk ved at miljøvernavdelingane sjølve gjer framlegg om kor store ressursar som skal brukast på kvart innsatsområde. I tillegg til dei 19 faglege innsatsområda er administrasjon og intern tid definert som innsatsområde 20.

For å kunne avgrense tydeleg kva for delar av innsatsområda som er viktige i dei ein skilde fylka blir dei i planleggingsprosessen brotne ned i **delområde**, og delområda blir igjen brotne ned i **resultatmål** som er dei konkrete måla som bli sett for arbeidet kvart år. Resultatrapporteringa følgjer samme malen og det er rapporteringa på resultatmåla som gjer informasjon om avdelinga har lykkast med å nå sine mål.

1993 er det første året systemet er utvikla så langt at det har vore nytta fullt ut i praktisk planlegging og rapportering. Denne årsmeldinga er også tilpassa det nye systemet. Det er gjort greie for arbeidet i avdelinga på kvart innsatsområde, og i tillegg presenterer vi eit oversyn over dei viktigaste miljøvernutfordringane i fylket, kva hjelpemiddel miljøvernavdelinga har for å møte desse utfordringane og i tillegg er det inkludert 4 spesialrapporter på tema som har stått sentralt i 1993.

I 1993 var det store administrative omveltningar i fylkesmannsambetet som hadde stor påverknad på miljøvernavdelinga. Fylkesmannen fikk utvida sitt kontorareal i fylkeshuset til å omfatte heile 4 etasje. Dette førte til at miljøvernavdelinga kunne utvide sitt areal med 400 kvadrat meter. For første gong sidan avdelinga var skipa i 1982 er no heile avdelinga samla under eitt tak og på eitt golv. Dette har ført til betre arbeidstilhøve for alle, og spesielt for dei som tidlegare var lokalisert utanfor fylkeshuset.

1 juli 1993 vart fylkeslandbrukskontoret lagt inn under fylkesmannen, og heile året har det blitt arbeidd med planer for ein omstrukturering av fylkesmannsambetet, slik at det vil passe til den såkalla "konsernmodellen". Omorganiseringa vil ha lite å seie for det faglege arbeidet i miljøvernavdelinga, men ymse administrative rutiner vil bli endra. Ein

fordel ved omorganiseringa er at tilhøva no ligg vel tilrette for eit enda tettare samarbeid mellom fylkeslandbrukskontoret og miljøvernavdelinga.

2 DEI VIKTIGASTE MILJØUTFORDRINGANE

Innafor biologien blir "mangfald" gjerne nytta som ein samlande karakteristikkk når det gjeld å vurdere dei naturfaglege verdiane av ulike område. I så måte kan ein gjerne seie at alle delar av fylket har stort mangfald når det gjeld naturtyper, med øyar, våtmarksområde, vassdrag og fjordar, med skog og dalar, med høge fjell og brear. Alle dei 38 kommunane har fleire av desse naturtypene representert innafor sine geografiske grenser.

I spenningsfeltet mellom primærnæringar, industri, naturvern- og friluftinteresser og den sterkt aukande turisttrafikken er naturressursane våre omfatta av særst stor interesse. På samme tid som storsamfunnet har behov for å halde oppe ei sysselsetting som medfører bruk ressursane, er det samme storsamfunnet avhengig av å ha eit mangfaldig naturmiljø både som referanse, som rekreasjonskjelde og for hausting av den avkastninga som naturen gir. Miljøvernforvaltninga prøver å påverke balansen mellom bruk og vern slik at utviklinga bli berekraftig. Dette er ikkje tufta på ei romantisert naturoppfatning, men på eit perspektiv der vi som lever i dag har ansvar for dei som kjem etter oss.

Interessekonflikter og inngrep i naturområde går føre seg over eit stort spekter av naturtypar. Forureining berører i varierende grad dei einskilde naturtypane og landskapselementa, samt plante- og dyreliv på forskjellig trofisk nivå.

Viktige prinsipp for miljøvernarbeidet er:

- føre-var-prinsippet
- sektorovergripande miljøvern
- den som forureiner skal betale

I tillegg vil ein del internasjonale avtalar som Noreg har slutta seg til, også vere retningsgjevande for kva miljøutfordringar som blir prioriterte i Møre og Romsdal.

Ein stor del av næringslivet i fylket har tradisjonelt vore sjøretta. Her har både tradisjonelt fiske i fjordar og kystfarvatn stått sentralt, og ikkje minst fiske ute på havet (Eggakanten). I løpet av dei siste par tiåra har akvakultur, gjerne i nokså skjerna farvatn, fått ein stor vekst i vårt fylke. Etter dei krava som blir sett til lokalisering av oppdrettsanlegg, har presset på arealressursane i kystsona auka sterkt i samme perioden. Ved dei fleste lokaliseringane blir det reist ulike spørsmål om andre og evt. konkurrerende interesser. Mykje arbeid er lagt ned for å imøtekomme behovet for planlegging med sikte på ei harmonisering mellom akvakultursektoren og dei andre interessene, men dette arbeidet har ikkje utan vidare hatt suksess. **Forvaltning av kystområda** vil difor vere ei hovudutfordring for miljøvernstyresmaktene i tråd med prinsippa som er nemnt.

Går ein inn i landet, bort frå kystlina, er vassdraga viktige landskapselement. Dei fleste vassdraga i vårt fylke er små og bratte og har etter måten kort veg frå høgfjellet til sjøen. Men nokre av vassdraga har ein annan karakter. Dei er lange og slake med etter måten roleg utsjånad. I tillegg til at vassdraga kan vere vakre å sjå på og gje liv til landskapet, har dei alle mange konkrete funksjonar, som drikkevasskjelde, resipient for kloakk og avrenning frå landbruket, og som kraftkjelde. Mange vil hevde at den kanskje viktigaste funksjonen til vassdraga er deira funksjon som oppvekstområde for fisk og som fiskeplassar. Frå gammalt er det registrert konflikhtar mellom fiske og kraftproduksjon i elvane. Etter kvart har forureining, spesielt i mindre vassdrag, blitt opphav til mange konflikhtar. Vi ser og at fysiske inngrep i den einskilde vassdragsstrengen og ulike måtar å regulere vassføringa på vil vere i konflikt med m.a. fiskeproduksjonen. **Vassdragsforvaltning** vil ut frå dette vere ei naturleg hovudutfordring for Miljøvernavdelinga i Møre og Romsdal.

Nokolunde flatt areal er generelt ein minimumsfaktor i vår del av landet. I store delar av fylket har ein gjerne ein smal landbrem av flatt areal ned mot sjøen, medan utmarka ofte er både bratt og steinete. Næringsutøving og busetting set spesielle krav til areala som kan nyttast. På samme tid vil medvitet om at vi har å gjere med eit livsnødvendig samspel med naturen medføre at det biologiske mangfaldet må vere rimeleg rikt både i utmark og i våre nærmiljø. Planlegging av støyande aktivitetar inntil eksisterande bustadområde er fortsatt eit problem. Omfattande spreidd hyttebygging i store utmarksområde fører til naturopplevingane både for dei som hyttene skal betjene og for andre, blir vesentleg redusert. Nedbygging av strandline fører til at naturopplevingane blir fattige i tettbygde strok. Prinsippet om sektorovergripande miljøvern inneber at **miljømsyn i arealplanlegginga** blir ei stor utfordring for miljøstyresmaktene.

Det klassiske naturvernet har lang tradisjon i Noreg. Så og i Møre og Romsdal. Det er ofte konflikt mellom eit eventuelt verneframlegg og landbruksinteressene i det aktuelle området. Utviding av aktivitetsområdet til det moderne menneske har og ført til at t.d. motoriserte former for friluftsliv er blitt mykje utbreidd. Den vedvarande reduksjonen av urørte område i Noreg er skremmande og har etter kvart fått store konsekvensar for ei rekke viltartar. Landskapselement som før var talrike i vår del av landet, er no blitt sjeldne (eks.: urørte elvedeltaområde). Gjennomføring av vern i eit område er som regel ein sær arbeidskrevjande prosess. Oppfølging av vernet med oppsyn og drift vil og etter kvart krevje store ressursar. Stor slitasje på einskilde verneområde kan redusere verneverdien, og ymse inngrep representerer ofte trugsmål mot sentrale verneverdiar. Ut frå dette blir **områdevern** ei stor utfordring for miljøvernavdelinga, både i form av verneprosessane og ved oppfølging av vernevedtaka.

Generell forbruksvekst og endring av forbruksvaner og materialbruk har ført til stor auke i generert avfallsmengde. Dette og større merksemd omkring miljøspørsmål gjer det naturleg å endre vesentleg dei strategiane ein må nytte for å løyse problema knytt til avfall frå hushaldningar og næringsliv m.v. I Møre og Romsdal har vi frå tidlegare mange små avfallsfyllingar, og desse har gjerne dårleg drifts- og miljømessig standard. Det er og registrert ei rad med ulovlege avfallsfyllingar. Tiltak for å redusere avfallsmengdene som går til forbrenning (gjeld det meste av avfallet på Sunnmøre) og til

deponering blir gjennomført ei rekkje stader i fylket, men mykje arbeid står att før ein har oppnådd eit omfang av attvunne avfall som ein kan seie seg nøgd med.

Avfallsbehandling og attvinning blir såleis fortsatt ei viktig utfordring for miljøvernavdelinga i tida som kjem.

Å få i stand ei berekraftig forvaltning av dei fem områda som er presentert ovanfor er sett på som den viktigaste utfordringa for miljøvernavdelinga i dei næraste åra, og avdelinga vil prioritere dei nasjonale innsatsområda som bidrar til dette særst høgt.

3 VIKTIGE STRATEGIAR

Kva hjelpemiddel og framgangsmåtar miljøvernavdelinga vil gjere bruk av for å nå måla er i samanheng med planlegging og rapportering kalla **Strategiar**. Dei viktigaste strategiane er presenterte nedafor.

Miljøvern i kommunane, bruk av Plan- og bygningslova

Spesiallovene innafor naturforvaltninga som Forureiningslova, Friluftsløva, Naturvernlova, Viltlova, osv., har i mange år vore bruka aktivt til å fremje miljøvernomsyn. Desse lovene vil vere viktige verkemiddel også i framtida, men den store landevinninga ligg i meire aktiv bruk av Plan- og bygningslova i miljøvernet sin teneste. Det er kommunane som er planmyndigheit for Plan- og bygningslova, og dette lovverket kan berre nyttast effektivt i den grad kommunane sjølv ønskjer det. Det er difor ein nær samanheng mellom MIK-satsinga og bruk av Plan- og bygningslova til å fremje miljøverninteresser. I 1993 var det lagt stor vekt på å mobilisere kommunane og statsetatane på fylkesnivå til aktiv miljøverninnsats ved bruk av Plan og bygningslova.

Bruk av økonomiske verkemiddel

Miljøvernavdelinga har påverknad på bruk av statlege tilskott, særleg innafor Miljøverndepartementet sine arbeidsfelt. Innafor dei gjeldande retningslinjene blir tilskott som stettar avdelingas miljømål blitt prioriterte. Dette gjeld spesielt løyvingar til miljøretta sysselsettingstiltak, "Aksjon vassmiljø" og ordinære midlar over kap. 1406, 1427, 1441 og 1442

Oversikt over miljøtilstanden

Ajourføring av "naturbase" vart gjennomført i første halvår av 1993. Dette gjev ein oppdatert informasjon om vilt, naturvern og friluftsliv til bruk i planleggingsarbeidet. Miljøvernavdelinga arbeider for at Fiskbase og Regine etter kvart skal bli ein felles kunnskapsbank og verktøy i miljøvernforvaltninga. Kartlegging av ferskvassfiskressursane og av miljøtilstanden i fjordar og vassdrag vil halde fram. Avdelinga arbeider med ein ny rapport om miljøstatus i fylket, samt ei samanstilling om overvakeringsresultat dei siste åra.

Informasjon til publikum

Folk flest har stor sympati for miljøvernet, og bidrar gjerne til å verne om miljøet, men det er mange misstydingar og mykje vankunne ute og går. Mange uheldige tiltak er sette i verk i miljøvernet sitt namn. Informasjon om kva som er godt miljøvern, og retningslinjer om korleis folk flest kan bidra til å betre miljøet, er prioritert høgt. Fylkesmannen prøver i all si verksemd på miljøvernområdet å ta omsyn til informasjonseffekten. Det er lagt vekt på å oppretthalde god kontakt med presse og lokal kringkasting og fjernsyn. Medverknad til å fremje miljøundervisning i skolen og informasjon til lag og foreiningar er og ein del av informasjonsstrategien.

Miljøretta helsevern

Alt miljøvern er i røynda førebyggjande helsevern. Det er likevel lang veg att før miljøvern får like høg status i folk sitt omdøme som helsevernet. Innafor fagmiljøet i helsevesenet får auka satsing på førebyggjande arbeid større og større tilslutning. Der blir miljøretta helsevern prioritert stadig høgare. Her har miljøvernet ein viktig alliansepartner som bør pleiast både på fylkes- og kommunenivå. Det er ei utfordring og ei prioritert oppgåve innan MIK-satsinga å få til eit godt samarbeid med helsevesenet på kommunenivå.

Bruk av EDB

Miljøvernavdelinga har eit moderne EDB anlegg. Medarbeidarane har kvar sin PC som heng saman i eit felles eit nett. Dette er eit hjelpemiddel som ber i seg store lovnadar om snøggare og betre sakshandsaming. Det krev innsats både frå avdelinga samla, og frå kvar einskild medarbeidar om det skal bli mogleg å realisere det potensialet som ligg i utnyttinga av eit moderne data-anlegg. Dei fleste av medarbeidarane har no grunnleggjande kunnskaper innan tekstbehandling (Word) og rekneark (Excel).

Effektiv bruk av personale

I høve til arbeidsmengde og oppgåver har miljøvernavdelinga for liten bemanning. Det skortar på mannskap til faste arbeidsoppgåver så vel som til prosjektarbeid. Mangel på kapasitet i avdelinga er ein flaskehals i miljøvernarbeidet. Difor blir ein effektiv bruk av det personalet avdelinga har ein sers viktig strategi. Det vil bli lagt vekt på å bruke verkemiddel som opplæring, lønnsregulering, kompetansekrav ved tilsetting, osb. til å halde avdelinga i stand til å handtere sine oppgåvene så godt som råd. Å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø er ein viktig del av denne strategien. Miljøverndepartementet har i brev av 14.10.1993 gitt ein del nye retningslinjer for m.a. engasjert personale, og dette får konkrete verknader på engasjementspraksisen som er etablert i avdelinga. Retningslinjene medfører m.a. at alle engasjement må formaliserast i høve til retningslinjene i statens personalreglement.

4 NASJONALE INNSATSOMRÅDE

Dei 19 nasjonale faglege innsatsområda for miljøvern er definerte av SFT og DN. I tillegg kjem innsatsområde 20 som er interntid og administrasjon. Nedafor er arbeidet Miljøvernavdelinga i Møre og Romsdal har gjort på dei ulike innsatsområda presentert. Innholdslista framst i meldinga gjev ein samla presentasjon av dei 19 innsatsområda.

4.1 Innsatsområde 1: BIOLOGISK MANGFOLD

Miljøvernavdelinga har ikkje definert noko spesielt resultatmål for dette innsatsområde, men mange av dei andre innsatsområda bidrar til å halde oppe det biologiske mangfoldet. Dette gjeld innsatsområde innafor både naturforvaltning og forureining.

4.2 Innsatsområde 2: OMRÅDEVERN

I virksomhetsplanen for 1993 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Verneplan våtmark
- Verneplan myr
- Verneplan edellauvskog
- Verneplan barskog
- Verneplan sjøfugl
- Marine verneområder
- Drift av Trollheimen og Veøy landskapsvernområde
- Reinheimen nasjonalpark/landskapsvernområde
- Nasjonalparkplanen

Innafor desse delområda er det definert 31 resultatmål. På grunn av omprioriteringar i løpet av året har miljøvernavdelinga satt opp eit nytt delområde: Verneplan havstrand/elveos. Av eigne ressursar, Kap. 1406 i statsbudsjettet, har miljøvernavdelinga brukt 36 månadsverk og kr. 1.108.000 på dette området. Dette er betydeleg meire enn planlagt.

Verneplan for barskog, barlind og kristtorn og edellauvskog har i 1993 gjennomgått ei lokal høyring. Før for høyringa blei det arbeidd mykje med å lage kart, grunneigarlistar og oversikter over næringsdata for dei einskilde områda. Dette materialet har vore gjenstand for oppdatering gjennom heile høyringsprosessen. I Møre og Romsdal er det gjort framlegg om vern av 12 område med barskog, 6 område med barlind og kristtorn og 33 område er med i verneplan for edellauvskog. Vi har starta arbeidet med ei tilråding til DN når det gjeld vern av barskog. Tilrådinga skal vere ferdig i midten av januar 1994.

Verneplan for myr er ferdig frå fylkesmannen si side. Plana ligg i Miljøverndepartementet og venter på eit endeleg vedtak i regjeringa. Dette har ført til at framdrifta når det gjeld vern av myr ikkje har vore som planlagt.

Arbeidet med ein verneplan for havstrand og elveos starta opp våren 1993. DN har bedt om at dette arbeidet blir prioritert i 1994. Det er laga kart over område som vil gå inn i

framlegget til verneplan for sjøfugl. Det vidare arbeidet med denne planen er utsett etter direktiv frå DN. Dette gjeld også verneplan for marine område. Viser til temarapport II om områdevern framst i årsmeldinga.

Verneplan for våtmark blei vedtatt i 1988. Det står igjen mykje arbeid når det gjeld etablering av oppsyn og utarbeiding av forvaltnings- og skjøtselsplaner. Vi har ikkje hatt økonomiske middel til å slutføre dette viktige arbeidet. Det har vore to omfattande rettsaker i år, Hostadvatnet og Nysætervatnet. I begge sakene hevda grunneigerane at det ikkje var sakleg grunnlag for å verne områda med heimel i Naturvernloven. Staten fekk medhald i begge.

Skjøtsel av landskapsvernområdet på Veøya har gått som planlagt ved hjelp av tilskot til miljø- og sysselsetting. I Trollheimen landskapsvernområdet har oppsynsmannen registrert bygningar og inngrep som eit ledd i utarbeidinga av ein forvaltningsplan, .

Arbeid med planen for Reinheimen nasjonalpark og oppfølging av nasjonalparkplanen har vore nedprioritert. Det har og vore usikkert kva for framdrift dette arbeidet skulle ha. I følge nye direktiv frå DN skal arbeidet med Reinheimen utsettast til fordel for planen om ein nasjonalpark for Rondane/Dovre/Sunndal.

4.3 Innsatsområde 3: VILTFORVALTNING

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområde delt opp i delområda:

- Kommunal viltforvaltning
- Hjorteviltforvaltning
- Småviltforvaltning
- Trua og sårbare artar
- Store rovdyr
- Human jaktutøving
- Lokale tiltak

Innfor desse delområda er det definert 34 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt 20 månadsverk og kr 913.000 på dette området. Dette er omtrent som planlagt.

Kommunane fekk overført mynde som lokalt viltforvaltingsorgan den 01.01.93. Frå same dato vart dei statlege viltnemndene i kommunane avvikla. I mars arrangerte vi to konferansar over to dagar om kommunal viltforvaltning. Omlag 150 personar, hovudsakleg frå kommunane, tok del i desse konferansane. Kommunane har organisert viltforvaltninga noko forskjellig. Dei fleste har lagt den politiske avgjerdsmynde til ei kommunal viltnemnd som er eit underutval under formannskapet. Sekretærfunksjonen er i fleire kommunar lagt til den kommunalt tilsette miljøvernleiaren. Signal frå kommunane tydar på at organiseringa av kommunal viltforvaltning vil endre seg ein del i tida framover.

Møre og Romsdal er eit fylke med stor spennvidde i naturtilhøve. Fylket har jaktbare bestandar av villrein, hjort, elg og rådyr. Hjorten finnest i heile fylket og i 1993 var det hjortejakt i 34 kommunar. I 1992 blei det felt 3 794 hjortar. Rapport for 1993 frå 25 av

kommunane tyder på at det er felt omlag 4 500 hjortar det året. Endeleg rapport vil ligge føre i 1. kvartal 1994.

Bestanden av hjort har auka vesentleg sia den harde snøvinteren 1985/86, og skadane på jordbruksverksemd har auka deretter. På grunn av stor auke blei det gitt dispensasjon til kommunane slik at dei kunne skrive ut tilleggskvoter på hjort under jakta i 1993. Fleire av kommunane nytta seg av dette, og det bør kunne vere håp om at skadepresset på jordbruksverksemd vil bli redusert.

Aukande hjorteviltbestandar er truleg og ein del av grunnen til at det kom inn mange klager på vedtak som kommunane gjorde om tildeling av fellingsløyve på storvilt og/eller godkjenning av vald for jakt etter storvilt. Det kom inn 24 klager som det gjekk med 5 vekeverk til å behandle.

Fylkesmannen har hovudansvaret for fagleg rådgjeving i villreinsaker både i Snøhetta og Ottadalen villreinområde, sjølv om begge områda strekkjer seg over fleire fylke. I 1993 har det særleg blitt arbeidd innafor Ottadalsområdet, og det har blitt utarbeidd ein driftsplan for stammen i samarbeid med jaktrettshavarane og villreinnemnda. Planen foreslår at ein held vinterstammen i området kring 2.500 dyr, og forvaltar området som 3 ulike delområde. Ein legg vekt på å sikre leveområda til reinen, samt at det blir drive ei mest mogeleg human jakt. Vidare vil ein auke produksjonen i stammen samstundes som ein ikkje overbelastar beita. Dette oppnår ein ved å auke simledelen i vinterstammen og ta ut meir kalv enn det som er gjort til no. Det vert også foreslått å avgrense jakta på kveldstid.

Planen blir venteleg lagt fram for årsmøtet for jaktrettshavarane i området i mars 1994. Kor vellukka planen er, finn ein først ut av når ein ser om planen blir vedtatt av jaktrettshavarane, og dernest gjennom dei 5 åra området skal forvaltast etter planen.

Frå og med 01.01.93 fekk fylkesmannen delegert mynde til å gje løyve til preparering av fallvilt. Vi fekk inn omlag 80 søknadar. To av desse søknadane blei avslått. Begge desse avslaga er påklaga til Direktoratet for naturforvaltning.

Møre og Romsdal har ein permanent jervstamme og fleire kommunar på Nord Møre og i Romsdal er med i eit nasjonalt kjerneområde for jerv. Meire om rovvilttilhøva i fylket er presentert i temarapporten om rovvilt foran i årsmeldinga.

4.4 Innsatsområde 4: OVERVAKING-TÅLEGRENSER-KLIMA

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområde delt opp i delområda:

- Miljøovervåking
- Radioaktivitet

Innafor desse delområda er det definert 4 resultatmål. Avdelinga har brukt omlag 1 månadsverk på oppgåva. Det er ikkje registrert utlegg.

Det er ikkje gjennomført nokon samanstilling av den forskningsaktiviteten som omhandlar miljøovervaking. Ei rekkje forskingsinstitusjonar har ymse registreringsarbeid i fylket, nokre med lange årsseriar. Avdelinga ser det som naudsynt at ei slik oversikt blir samanstillt. Dette er viktig informasjon for forvaltninga sin eigen del, men og som informasjon til andre forskingsområde, andre forvaltingsorgan, politilske organ og i pedagogisk samanheng. Sprøyting av veksthormonpreparat har blitt vesentleg redusert i den seinare tid. Dette har moa. si årsak i endra regler for tilskott. I framtida finn vi det mest naturleg at Landbruksavdelinga er det forvaltningsorganet som er næraste til å gje oversikt over slike tiltak på landareal.

Etter Tsjernobyl-ulykka har fylkesmannen hatt sekretæransvar for koordineringsgruppa for radiaktivitet i næringsmiddel. Gruppa har fordelt økonomiske midlar til dei fire lokale radioaktivitetskontroll-stasjonane (LORAKON) som Næringsmiddelkontrollen har i fylket. Kvar av dei tre byane i fylket samt Sunndalsøra har ein slik stasjon.

4.5 Innsatsområde 5: LAKS OG INNLANDSFISKE

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Bevaring, beskatning og overvaking av anadrom laksefisk
- Innlandsfisk og andre ferskvassorganismer
- Kalking og kultivering
- Effektar av havbruk

Innafor desse delområda er det definert 24 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 53 månadsverk og kr 1.242.000 på dette området. Dette er omtrent som planlagt når det gjeld månadsverk og meire enn planlagt når det gjeld pengar.

Fylkesmannen er godt fornøyd med aksjonen mot lakseparasitten *G. salaris* i 9 vassdrag i Rauma kommune. Førebuing og gjennomføring gjekk som planlagt. Alt tyder på at aksjonen vart vellukka, og at parasitten såleis er utrydda frå Sunnmøre og Romsdal. Planleggingsarbeidet i samband med liknande aksjonar på Nordmøre er i gang.

Restaurering av tidlegare rotenonbehandla vassdrag har gått som planlagt. Dei levande genbankane Haukvik og Herje tek del i dette arbeidet ved tilbakeføring av fiskemateriale. Feltgransking og overvaking har vist ei positiv utvikling i laksebestandane. Det er grunn til å tru at fleire vassdrag vert friskmelde neste år.

Ny lov om laks og innlandsfisk tok til å gjelde ved byrjinga av dette året. Loven innførte eit nytt fredningsprinsipp. Dette prinsippet aukar kravet til kunnskap for å utøve ein optimal forvaltning av den einskilde bestand. Omgrepet "kategorisering" av fiskebestandar vert no lagt til grunn i forvaltninga av anadrome fiskebestandar. Nye fiskereglar i elv basert på gjennomgang av status i laks- og sjøarevassdraga vart vedteke våren 1993. Bestandane vart inndelt i fem kategoriar frå utrydda til god bestand og fekk regelverk i samsvar med status. For å lette fangsttrykket på trua bestandar vart i tillegg ein del fjordområder freda for alt fiske med faststående reiskap.

I harmoni med den nye loven og i samsvar med virksomhetsplanen har den generelle overvakinga hatt stort omfang. Gransking av storleik og helsetilstand til fiskebestandar har ikkje avdekket nye problemstillingar. Registrering av gytegroper er viktig informasjon i forvaltninga av ein bestand. Denne typen feltarbeid vert truleg utvida i åra som kjem.

Det har vore eit aktivt år i prosjektet knytta til gjennomgangen av dei naturfaglege konsesjonsvilkåra i samband med vassdragsreguleringar. Prosjektet held tidsplanen. I tillegg til samanstilling av eksisterande data, er det også dette året gjennomført feltstudier i samband med bonitering av elvestrekningar og vatn. Miljøvernavdelinga administrerer eit spesielt program for registrering av tilhøva og utarbeiding av forvaltningsplaner for regulerte vassdrag. Kraftselskapa i fylket finansierer programmet.

Dei negative konsekvensane frå oppdrettsverksemda i fylket er blitt reduserte i løpet av 1993. Antal rømt oppdrettsfisk er redusert og fisk som har rømt har stort sett vore sjukdomsfri, slik at smittepresset har vore mindre enn tidlegare år. Miljøvernforvaltninga og veterinærmyndigheitene har i fellesskap satsa på få til regionalisert avlusing i matfiskanlegg for å få ned lusangrepa på villfiskbestandane. Konsesjonsbehandling av kultiveringsanlegga vart starta opp, men forseinka pga av endring i Fiskesjukdomslova.

4.6 Innsatsområde 6: KYST OG MARIN NATURFORVALTNING

I virksomhetsplanen for 93/94 er dette innsatsområdet ikkje delt opp i delområde. Det er definert 5 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 4 månadsverk og kr 84.000 på dette området. Dette er omtrent som planlagt når det gjeld månadsverk og monaleg mindre enn planlagt når det gjeld pengar.

Møre og Romsdal har 11 % av den totale kystlinja i landet og kysten står for mange av dei mest produktive og verdfulle områda i fylket. Aktiviteten langs kysten er prega av ei stykkevis og delt forvaltning etter ulike lover. Få kommunar har planlagt sjøområda etter Plan- og bygningslova. Det oppstår stadig konflikhtar ved etablering av oppdrettsanlegg, taretråling, skjellsandgrabbing, utfylling i strandsona m.v. Fylkesmannen uttalar seg til fiskerisjefen når det gjeld søknader om etablering av oppdrettsanlegg. Søknader om plassering av oppdrettsanlegg krev fortsatt ein betydeleg arbeidsinnsats for å unngå konflikhtar med allmenne interesser. Innsatsen i 1993 har i noko sterkare grad enn tidlegare år vore knytta til uttalar til kommuneplanar der arealdelen også omfattar sjøareala.

Fylkeskommunen ved nærings- og miljøavdelinga har fått delegert mynde til å gje konsesjonar til skjellsandgrabbing. Fylkesmannen får slike søknader på høyring. Dette er ein ny aktivitet for avdelinga frå og med 1993. Uttak av skjellsand vil ofte komme i konflikt med viltinteresser, då spesielt med hekkeinteresser for sjøfugl. Det er vanskeleg å forutseie arbeidsinnsatsen på dette feltet, då antal saker truleg vil variere frå år til år. Nye forskrifter når det gjeld taretråling har vore på høyring i året som gjekk, og vår innsats på dette feltet har vore å komme med ein god høyringsuttale for å få til eit best mogeleg styringsverktøy for taretrålingsverksemda. I 1994 reknar vi med at vi vert koplå inn som høyringsorgan når det gjeld søknader om tildeling av områdeløyve for taretråling.

4.7 Innsatsområde 7: NATURINNGREP

I virksomhetsplanen for 93/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Vassdragsforvaltning
- Areal og landskap
- Skog
- Motorferdsel i utmark

Innafor desse delområda er det definert 18 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 16 månadsverk og kr 174.000 på dette området. Dette er mindre enn planlagt både når det gjeld arbeidsinnsats og pengar.

Naturforvaltning er langt meir enn direkte fredningstiltak. Miljøvernavdelinga vil difor virke til at arealdisponering og verksemd i samfunnet skjer i slike formar at varige skader på naturgrunnlaget unngås eller blir avgrensa. Det er eit mål å økonomisere med arealressursane. Omsynet til naturmiljø og friluftsliv må innarbeidast i all arealplanlegging. Utfordringane er særleg knytta til kystnaturen og Vestlandsskogens verdier.

Samla Plan (SP) for vassdrag har forenkla arbeidet med **kraftverksaker**. Det er positivt at Stortinget i april vedtok at SP og SP-vurderingar framleis skal styre prioriteringa av aktuelle utbyggingsprosjekt. I vårt fylke står det no att 16 prosjekt i kategori I. Av dei innkomne prosjektsøknader er 4 tidlegare vurdert i SP, medan 2 vart unntatt frå SP etter nærare vurdering. Betre rettleiing om vilkårsetting frå DN (og SFT) og nærare avklaring av korleis saksbehandlninga skal foregå, ville vore positivt. Dette vil innebære krav til betre samordning av rettleiinga frå DN/SFT/NVE.

Forbyggingsaktiviteten er stor i vårt fylke, og desse prosjekta legg beslag på ein relativt stor del av miljøvernavdelinga sin kapasitet på vassdragsforvaltning. Det hadde vore av stor betydning om NVE sjølv hadde tatt større ansvar for å innarbeide ressursaspektet, miljøaspektet og omsynet til biologisk mangfold i sine planar. Like eins at NVE i større grad hadde gitt sine innspel til kommuneplanprosessen, samt fremja ein større del av prosjekta som reguleringsplanar.

Stortinget vedtok i år å auke talet på verna vassdrag i vårt fylke frå 10 til 22. Eit problem i den daglege saksbehandling av einskildsaker er den sprikande haldning som dei ulike statsetatar, kommunar og interesseorganisasjonar har til kva "vassdragsvernet" inneber for andre inngrep enn kraftverk.

I 1993 har vi berre hatt kapasitet til å holde oss orientert om arbeidet sentralt vedrørende rikspolitiske retningslinjer om forvaltning av verna vassdrag og NVE's planar om differensiert forvaltning av vassdrag, og avdelinga har mangla kapasitet til å gje informasjon og drive med haldningsskapande arbeid utanom innspel i einskildsaker. Det ville i denne samanheng vere verdifullt om DN kunne utarbeide ein samla oversikt over verneverdiane i dei verna vassdraga. Målsettinga vår om å få laga ei informasjonsbrosjyre har blitt utsett.

Vassbruksplanarbeid har vesentleg foregått i 4 vassdrag så langt. Vi har gitt faglege råd og rettleiing til dei fleste kommunane i samband med kommuneplanarbeidet og detaljplanar. Vi vil forsøke å samordne og frigjere meire kapasitet til dette innsatsområdet dei komande åra.

4.8 Innsatsområde 8: KULTURLANDSKAP

I virksomhetsplanen for 1993 er dette området ikkje delt opp i delområde. Det er definert 4 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 4 månadsverk og kr 95.000 på området. Dette er omtrent som planlagt både når det gjeld månadsverk og pengar.

Prosjektet "Nasjonal registrering av kulturlandskap" blei sett i gang i 1992. Målsettinga er å lage ein oversikt over særlege verdfulle kulturlandskap i Noreg. Registreringa av kulturlandskap i Møre og Romsdal starta i 1993. Vi har fått opplysningar om ca. 500 kulturlandskap. Opplysningane har stort sett kome frå kommunane ved miljøvernleiaren eller frå landbrukskontora. Omlag 50 kulturlandskapsområde blei valt ut for ei nærmare undersøking. Disse har vore synfart. Det skal ligge føre rapport frå registreringane i Møre og Romsdal innan mars 1994. Samarbeidsutvalet for kulturlandskap i Møre og Romsdal har fungert som styringsgruppe i samband med prosjektet "Nasjonal registrering av kulturlandskap".

Surnadalsprosjektet har vore eit prøveprosjekt om handsaming av kulturlandskap i samanheng med kommuneplanlegginga. Rapporten var ferdig hausten 1993.

4.9 Innsatsområde 9: FRILUFTSLIV

I virksomhetsplanen for 1993 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Handlingsplan for friluftslivet
- Tilskudd friluftsliv og naturvern

Innafor desse delområda er det definert 8 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 15 månadsverk og kr 950.000 på området. Dette er omtrent som planlagt når det gjeld månadsverk og meire enn planlagt når det gjeld pengar.

Møre og Romsdal er eit fylke med enorme potensiale når det gjeld høve til å drive friluftsliv. Alle i fylket har tilgang enten til sjø, skog og/eller høyfjell. Det finns over 22.000 fiskevatn og mange fine jaktterreng.

Arbeidet med ein handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 ble starta opp i september 1993 og skal vere avslutta før mars 1994. I samband med dette arbeidet er det sett ned ei referansegruppe der brukarar, grunneigarorganisasjonane, kommunane, fylkeskommunen og skoleverket er representerte.

Friluftslivets år blei elles ikkje fulgt opp slik vi hadde planlagt. Dette skyldes kapasitetsproblem.

Ordringa med miljø- og sysselsetting (SKAP no KAJA) fortsatte i 1993. Vi fekk tildelt totalt 461 månedsverk øymerka miljø- og sysselsettingstiltak. Vi fekk 250 månadsverk til tiltak innan natur og friluftsliv, 142 mndv. til tiltak innan kulturvern og 57 mndv. til tiltak innan aksjon vannmiljø. I tillegg fekk vi 12 mndv. til ei prosjektleiarstilling. Det blei fordelt månedsverk til i alt 49 prosjekt. Det var stort sett kommunar som fikk middel til miljø- og sysselsettingstiltak. MTK-personen i kommunen har i mange tilfelle vært en nøkkelperson i det å få gjennomført tiltaka. Rapport om miljø- og sysselsettingstiltak i 1993 vil foreligge i februar 1994. For 1994 har vi fått tildelt 312 månadsverk som er fordelt på 45 prosjekt.

For 1994 har vi fått 131 søknader på ordinære tilskot innan friluftsliv, aksjon vannmiljø, vassdragsplanlegging og sikring. Desse søknadane skal vere handsama innan 01.02.94.

4.10 Innsatsområde 10: KLIMAENDRINGER

I virksomhetsplanen for 1993 er det ikkje sett av ressursar til dette innsatsområdet. Miljøvernavdelinga har ikkje spesielle oppgåver når det gjeld å redusere påverknad på klimaet.

4.11 Innsatsområde 11: FORSURING

I virksomhetsplanen for 1993 er ikkje innsatsområdet delt opp i delområde, og det er definert 1 resultatmål. I 1993 er det ikkje registrert bruk av korkje arbeidsinnsats eller pengar på dette innsatsområde.

Møre og Romsdal mottek i dag berre små mengder av langtransportert forureina luft og nedbør. Eventuelle episodar med forsuring i vassdrag og i jordsmonn er ut frå dette sjeldne og vil i dei fleste høve vere knytt til sterk snøsmelting. Det er ikkje rapportert permanent sure innsjøar og vassdrag med fare for forsuringsskade på vegetasjon eller fisk. Lokale kjelder vil berre i liten grad medføre forureining i form av forsuring.

I alt 47 innsjøar i fylket var i 1986 med i den landsomfattande granskinga "1000 sjøers undersøkelse", det blir teke prøver kvart år frå Blæjevatnet i Vanylven, Lundalsvatnet i Molde og Skardvatnet i Aure kommune. Det er Fylkesmannen som tar desse vassprøvene for NIVA. I 1993 tok vi berre prøver frå Lundalsvatnet og Blæjevatnet på grunn av ei større undersøking i samband med utbygginga på Tjeldbergodden der NIVA sjølv tok prøver av Skardvatnet

4.12 Innsatsområde 12: LOKAL LUFTFORURENSNING OG STØY

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområde:

- Støy

Innafor dette delområdet er det definert 4 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 2 månadsverk og kr 45.000 på dette området. Dette er

noko mindre enn planlagt når det gjeld månadsverk og meir enn planlagt når det gjeld pengar.

Det er i hovudsak vegtrafikkstøy som skaper problem for folk i Møre og Romsdal. Desse sakene er og dei det er mest av. Det er få saker som gjeld skytebaner og asfalt- og pukkverk. Det er ofte klager på slike saker, da mange kan bli påverka utan eigentleg å ha nytte av tiltaket på same måte som ved vegutbygging. Svært mange langs dei mest trafikerte vegane har eit støynivå over 65 dB(A).

I Møre og Romsdal har det ikkje vore saker i samband med stamflyplassane i 1993.

Utover nokre få område med sterk trafikk, er det ikkje kjent at det er område med luftforurensing i Møre og Romsdal. Dette feltet har difor ikkje blitt prioritert.

4.13 Innsatsområde 13: MILJØGIFTER

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt i opp delområda:

- Havbruk
- Miljøgifter i sediment

Innafor desse delområda er det definert 3 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavingdelinga brukt omlag 1 månadsverk og kr 26.000 på dette området. Dette er omtrent som planlagt.

Havbruksnæringa i Møre og Romsdal er blant dei største i landet og bruken av antibakterielle midlar er framleis stor. Men ein har liten kjennskap til korleis bruk av antibiotika verkar inn på det omkringliggjande miljø.

Utafor fleire av industriverksemdene, spesielt skipsindustri, har det i den seinare tid i samband med mudringar vist seg at sedimenta inneheld urovekkjande store mengder miljøgifter. Fylkesmannen veit at det finnst middel til å foreta ei kartlegging, men har i 1993 ikkje hatt kapasitet til å få sett den igang.

4.14 Innsatsområde 14: OVERGJØDSLING

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Kommunal kloakk
- Separate utslepp
- Industriutslepp og dumping
- Landbruksforureining
- Havbruk

Innafor desse delområda er det definert 19 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavingdelinga brukt omlag 20 månadsverk og kr 509.000 på dette området. Dette er

noko mindre enn planlagt når det gjeld månadsverk og meir enn planlagt når det gjeld pengar.

Det er framleis mange i vårt fylke som ikkje har tilfredsstillande avløpsløyving. Meir enn 100.000 personar er knytta til anlegg utan reinsing, og mange utslepp fører til hygieniske ulemper. Ein reknar med at det er naudsynt å investere over 600 millionar kr. for å få orden på avløpsforholda i fylket.

Mykje av busetnaden i Møre og Romsdal er bygt før det vart sett standardkrav til rensing og behandling av avløpsvatn. Ein stor del av kloakkutsleppa er basert på separate anlegg for det enkelte huset eller for små grupper. Mange av kloakkutsleppa går til lokale, dårlege resipientar der det kan bli ulemper, m.a. lukt, uhygieniske forhold og konflikt med lokale brukarinteresser.

Det eit miljømål at kloakking av spreidd busetnad ikkje skal føre til miljøulemper.

Hovudtynga av industriforureininga i Møre og Romsdal kjem frå fiskeforedling og annan næringsmiddelindustri.

Fylkesmannen har i hovudsak ansvaret for behandling av saker om dumping av mudringmasser, skipsvrak og liknande. I dei seinare åra har ein blitt merksam på at mudringmassar, spesielt i nærleiken av skipsverft, kan vere påverka av tungmetall. I slike høve er det krav om at deponeringa av dei forureina massane skal skjer i spesielle deponi på land. I Møre og Romsdal har det vore få slike saker.

Grøntfor- og mjølkeproduksjonen er stor i Møre og Romsdal. Over 6000 gardsbruk driv med husdyr. Det er ein del problem med punktutslepp frå silo og gjødsellager, spesielt der utsleppet skjer til vassdrag. Fylkeslandbrukskontoret har som ei prøveordning i vårt fylke fått delegert mynde til å ha kontroll med forureininga frå landbruket. Ordninga fungerer godt, og truleg vil ho bli innført permanent over heile landet.

Fylkesmannen er konsesjonsmynde etter Forureiningslova og gjev utsleppsløyve for drift av oppdrettsanlegg. Saksmengda er gått noko ned frå året før og vi reknar med ein vesntleg nedgang i antal saker i 1994 då dei fleste laksoppdrettarar no har fått 3 lokalitetar for å drive vekseldrift. I 1993 er det behandla 52 saker for oppdrett av laks i sjøanlegg, 1 settefiskanlegg og 15 søknader om sjøanlegg for marine fiskeslag.

Drift av oppdrettsanlegg fører til utslepp av næringssalt og organisk materiale. Gjennom arbeidet med den såkalla "Møremodellen", dvs overgang til vekseldrift, er det arbeidd for å erstatte gamle "dårlege" lokalitetar med lokaliseringar over større djup med betre straum og utskiftingstilhøve. Problema med lokal nedslamming av botnen er etter dette redusert. Brakklegging av lokalitetane fører til redusert totalbelastning på lokalitetane. Vi ser på dette som ei positiv utvikling, då nedslamming får ei rekke sekundæreffektar som meir sjukdom, auka antibiotikabruk og større dødfiskmengder. Det har ikkje vore registrert overgjødslingsproblem i større resipientar pga oppdrettsverksemd i 1993.

4.15 Innsatsområde 15: INNGREP OG AREALBRUK I VANNMILJØ

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Miljømål for vassforekomstar
- Overvaking av vassforekomstar

Innafor desse delområda er det definert 6 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 7 månadsverk og kr 239.000 på dette området. Dette er vesentleg mindre enn planlagt både når det gjeld månadsverk og pengar.

SFT har utarbeid vegleiing til klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn, fjorder og i kystfarvatn. DN har ikkje utarbeid noko enda. Av den grunn har aktiviteten ikkje kome igang. Vi reknar med at arbeidet blir sett i gang i løpet av 1994.

I samband med prosjektet "Utvida miljøengasjement for jordbruksetaten" har Fylkesmannen i 1993 undersøkt 39 mindre vassdrag med omsyn til biologi og bakteriologi. Årsrapport om prosjektet vil bli utarbeidd innan 1. februar 1994.

Fleire vatn i Møre og Romsdal har i dei siste åra hatt oppblomstring av blågrønnalger. Vi har starta ei kartlegging av vatna som vil fortsette i 1994 og bli utvida med fleire vatn av same karakter. Det vil bli laga ei førebels rapport i løpet av 1994.

4.16 Innsatsområde 16: OLJE OG KJEMIKALIEFORURENSING

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet ikkje delt opp i delområde. Det er definert 2 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 3 månadsverk og kr 103.000 på dette området. Dette er vesentleg meire enn planlagt både når det gjeld månadsverk og pengar.

Fylket har ein lang og verhard kyst. Dei seinaste åra har hatt fleire utslepp av olje ut for kysten. Dei siste, og kanskje best hugsa var ved forlisa av Sonata og Arisan. Arisan låg rett ut for fuglefjellet Runde, og hendingane kring dette forliset har vore medvirkande årsak til at det forebyggjande arbeidet mot forlis har blitt intensivert.

Det har ikkje vore større akutte olje og/eller kjemikalieforureiningar i 1993, og vi har heller ikkje lagt ned vesentleg arbeid med ajourføring av miljødelen i dei interkommunale beredskapsplanane.

4.17 Innsatsområde 17: HELSEFARLEGE STOFF OG PRODUKT

Miljøvernavdelinga har ikkje nokon oppgåve når det gjeld kontroll med helsefarlege stoffer og produkt. Ingen aktivitet eller kostnad.

4.18 Innsatsområde 18: AVFALL OG GJENVINNING

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområdene:

- Avfall og gjenvinning
- Avfall fra havbruket
- Kloakkslam

Innafor dette delområdet er det definert 10 resultatmål.

Av egne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 26 månadsverk og kr 520.000 på dette området. Dette er vesentleg mindre enn planlagt både når det gjeld månadsverk og meire enn planlagt når det gjeld pengar.

Fylkesmannen er rimeleg godt fornøgd med utvikling av avfallsbehandling, interkommunalt samarbeid m.v. til no. Nye krav til kjeldesortering og gjenvinning vil truleg forsterke utviklinga mot interkommunale løysingar og samarbeid med private gjenvinningsfirma.

Som ledd i den nasjonale satsinga for avfallsminimering, gjenvinning og betre behandling av restavfallet, blir det lagt opp til skjerpa krav til avfallsfyllingar, auka kontroll med konsesjonsvilkår, samt skjerpa reaksjonar på brot på konsesjonsvilkåra. I samband med er det formulert nye retningslinjer for avfallsbehandling, nytt typebrev for konsesjon for avfallsplassar m.v. Det er gjennomført registrering av tilstanden m.v. ved alle avfallsplassar etter standard registreringsskjema. Fylkesmannen har laga ein handlingsplan for oppgradering av dei kommunale avfallplassane.

Frå 1994 vil mesteparten av forbruksavfallet og produksjonsavfallet i fylket anten bli brent i Tafjord Kraftselskap sin omn på Grautneset i Ålesund eller deponert på Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap si fylling i Årødalen i Molde kommune.

I 1993 er det pånytt sett fortgang i arbeidet med å få etablert eit steriliseringsanlegg for matavfall slik at matrestar får storhuskjøkken m.v. kan brukast til dyrefôr.

Fiskeoppdrett er ei stor næring i Møre og Romsdal. Det er viktig å løyse avfallsproblemet frå næringa på ein ressursmessig og smittemessig riktig måte. Avfallet gjeld først og fremst dødfisk, men og diverse fôrrestar m.v.

I samsvar med nasjonal satsing på effektiv innsamling og bruk av avfall frå oppdrettsnæringa er det foretatt ei tett oppfølging med næringa. Det er no bortimot 100 % deltaking i system som utnyttar og/eller gjenvinn oppdrettsavfall.

Størstedelen av slammet i Møre og Romsdal kjem frå private eller kommunale slamavskillarar. Åse reinseanlegg i Ålesund produserer store mengder slam og det same gjer Rindal reinseanlegg. Dei fleste kommunar har til no hatt frivillige eller private ordningar for slamtømming. Frei og Ålesund kommunar har hatt tvungen slamtømming. VØR har tidlegare innført tvungen slamtømming med mobil avvatning. NIR og RIR har kome så langt at organisert tømning kan starte i 1994. Fylkesmannen vedtok i 1992 forskrift om iverksetting av endring av § 26 i F-lova slik at det blei

tvungen slamtømming i alle kommunar frå 1.1.93. Dette kravet er derfor ikkje fulgt godt nok opp av kommunane.

4.19 Innsatsområde 19: SPESIALAVFALL/BILVRAK

I virksomhetsplanen for 1993/94 er dette innsatsområdet delt opp i delområda:

- Spesialavfallsystemet
- Etterlatt spesialavfall
- Opprydding i deponi og forureina grunn
- Bilvrak

Innafor desse delområda er det definert 19 resultatmål. Av eigne ressursar har miljøvernavdelinga brukt omlag 7 månadsverk og kr 142.000 på dette området. Dette er vesentleg mindre enn planlagt når det gjeld månadsverk og omtrent som planlagt når det gjeld pengar.

Det er under oppbygging ei ordning for mottak og innsamling av spesialavfall frå husholdningane i fylket, Skvett'n. Fylkesmannen tok tidleg i 1993 initiativ til ei prosjektgruppe som skulle sjå på kva for ordning for innsamling av spesialavfall som fylkesmannen burde tilrå. Prosjektgruppa si tilråding blei akseptert av alle kommunane i fylket og fylkesmannen har tilsett prosjektleiar frå 1. oktober for 6 mnd. som skal syte for framdrifta. Alle husstandane i fylket vil ved årsskiftet få ei eske til oppbevaring av spesialavfall. Esken kan leverast ved eit lokalt mottak.

Ei rekkje tilfelle av oljesøl langs kysten tyder på at mottaksordninga for oljehaldig avfall frå skip ikkje fungerer godt nok. Ei rekkje tilfelle av oljesøl frå land viser at oljeutskiljarar i avløpsanlegg ikkje blir drive i samsvar med gjeldande forskrift og retningsliner. Grunnet stillingsvakansar har vi ikkje kunnet gjennomføre nokon kartlegging. Prosjektet blir fulgt opp i 1994.

Dei som har løyve til mellomagring av spesialavfall blei i 1993 kontrollert av miljøvernavdelinga saman med SFT. Som ein følge av at skvett'n skal innførast i fylket har alle dei interkommunale renovasjonsselskapa og kommunar med eigen renovasjonsordning fått løyve til mottak av spesialavfall.

Kartlegging har vist at det frå tidlegare kan vere deponert til dels store mengder spesialavfall ei rekkje stader på nedlagde avfallsplassar, gamle industrianlegg og elles i grunnen. Etter ein presisering frå SFT om Fylkesmannen sin kompetanse på området, så har rapportar om tilhøva på nokre av desse lokalitetane blitt sendt frå SFT til fylkesmannen for handsaming. Andre lokalitetar blir meldt inn til Fylkesmannen frå kommunar og publikum. Av desse lokalitetane har Fylkesmannen avslutta 3 saker. Dei andre vil bli fulgt opp i 1994.

4.20 Innsatsområde 20: ADMINISTRASJON OG INTERN TID

Dette innsatsområde dekkjer administrasjon, generell opplæring og interntid som ikkje kan tilskrivast andre innsatsområde. Vanlege avdelingsmøte er inntern tid. Det same er

til dømes opplæring i bruk av data og i vanleg sakshandsaming. Fagleg opplæring er tilskreive det relevante innsatsområde. Ofte kan det vere vanskeleg å trekkje grensa mellom interntid og tid som høyrer til under dei 19 faglege innsatsområda.

Pr 01.12.93 hadde miljøvernavdelinga desse fast tilsette:

TITTEL:	NAMN:	
Fylkesmiljøvernssjef Rådgjevar	Per Fredrik Brun Odd Høgset	
Seksjonsleiar forureiningsseksj. Overingeniør Overingeniør Avdelingsingeniør Avdelingsingeniør	Kolbjørn Megård Noralv Bell Reidun Sem Kallestad Ola Betten Barbro Relling	(permisjon til 01.01.1994) (vikar t.o.m. 31.12.1993, engasjement til juli 1994)
Seksjonsleiar naturv./fril.seksj. Naturforvaltar Naturvernkonsulent Naturvernkonsulent Naturvernkonsulent Viltforvaltar Fiskeforvaltar Vassdragsforvaltar Førstekonsulent	Trond Haukebø Harald Ørsahl Alv Ottar Folkestad Pernille Bruun Kjell Lyse Ulf Lucasen Leif Magnus Sættem Oddvar Moen Jon Ivar Eikeland	(permisjon til 01.01.1995) (vikar t.o.m.31.12.1994)

Pr 01.12.93 var desse engasjerte i miljøvernavdelinga:

TITTEL:	NAMN:	ARB. OMRÅDE
Konsulent	Ove Eide	G. salaris
Konsulent	Hilde Aspås	G. salaris
Førstekonsulent	Kirsti M. Oterhals	Verneplanar
Førstekonsulent (80 %)	Siv Aksdal	Kulturlandskapsreg.
Førstekonsulent	Michael Eklo	Vassdr.forvaltn.
Førstekonsulent	Ola Betten	Villreinforvaltning
Prosjektleiar	Heidi Myklebost	Miljø og sysselsetting
Konsulent	Ingun Raastad	Handlingsplan friluftsliv
Avdelingsingeniør	Lisbeth Aune	Avfallshandtering
Rovviltkonsulent	Asbjørn Børset	NINA

Kontorpersonalet til avdelinga er:

Konsulent	Aslaug Magerøy Grimstad
Sekretær	Synnøve Ulleland Hoel 80 %
Fullmektig	Åse-Britt Sporsheim 70 %

Kontorpersonalet er løna over Fylkesmannen/Administrasjonsdepartementet sitt budsjett. I tillegg til dei fast tilsette har Turid Huse jobba tilsvarande 70 % stilling. Til saman har kontorpersonalet gjort ein innsats tilsvarande 3,5 årsverk.

Engasjementa er finansiert med ymse prosjektmidlar, roviltkonsulenten er tilsett i NINA. Innsatsen frå engasjerte utgjer til saman om lag tolv årsverk.

Når innsatsen frå heile avdelinga blir lagt til grunn, er det utført om lag 30 årsverk i 1993.

2.2 BUDSJETTMIDLAR

Bruk av budsjettmidlar i 1993 er summert opp i Vedlegg I, **Ressursoversikt 1993**. Tabellen viser planlagt og utført arbeidsinnsats i månadsverk, og tilsvarande når det gjeld budsjettmidlar i kr 1000. Miljøvernavdelinga har eit komplisert budsjett- og rekneskapsystem, og det er umogleg å gje eit utfyllande bilete over bruk av budsjettmidlar i ein enkel tabell. Dei kompliserte tilhøva når det gjeld pengar gjer det også vanskeleg å rapportere om samla ressursforbruk på ein grei måte.

I tabellen **Ressursoversikt 1993** har vi berre rapportert om planlagt og registrert forbruk av pengar løyvd over avdeilingas eige budsjett, Kap.1406 i statsbudsjettet. Spesielle løyvingar under postane 70, 71, 31.1 og 31.2 er med. Desse løyvingane har avdelinga oversikt over på det tidspunktet at virksomhetsplanen blir gjennomført. Dei er eit viktig grunnlag for planlegginga. Pengar som blir tilført avdelinga ved hjelp av fullmakter i løpet av året er svært usikre på det tidspunktet planlegginga blir utført, og det er ikkje tilrådeleg å ta dei med i planleggingsgrunnlaget.

Det går fram av tabellen **Ressursoversikt 1993** at mykje meire tid enn planlagt går med på **Innsatsområde 20: Administrasjon og drift**. Det var planlagt med 28 veker verk medan 98 veker verk er brukt. Dei fleste tilsette i avdelinga registrerte tidsbruk heile året, og det viser seg at dei som har vore mest nøye med tidsregistreringa har brukt omlag 15 veker verk, eller 30%, til inntern tid. Dette er nok korrekt. Arbeidsformen til avdelinga krev at mykje tid blir brukt til samråding og informasjon. Det er ofte uklart kor samrådingstid skalførast. Ofte vedkjem slik samråding berre nokre få innsatsområde og kan fordelast på desse. Men i år er som regel all slik tid ført under innsatsområde 20.

Etter dei rammene og signala som låg føre hausten 1992 var budsjettet for 1993 berekna til kr. 6.474.000. Eit førebels rekneskap for 1993 viser at utgiftene vil komme på omlag kr 8.200.000. Auken kjem av større løyvingar enn vi rekna med til Vern og forvaltning av område, Friluftsliv og til Viltforvaltning. Dei ekstra midlane til friluftsliv og områdeforvaltning er sysselsettingsmidlar og dei til viltforvaltning er til erstatning og forebyggjande verksemd når det gjeld rov-viltskader.

Vedlegg II viser dei posterings- og belastningsfullmaktene som avdelinga har fått i 1993. Tabellen viser at omlag kr 17.700.000 er tilført på denne måten. Nokre av desse overføringane blir vidareført direkte til kommunane og påfører avdelinga lite arbeid. Dei fleste fullmaktene blir delvis brukt internt i avdelinga og delvis ført vidare til kommunar eller konsulentar. Ein stor del av avdeilingas verksemd blir finansiert av desse fullmaktene, men

det kan ikkje på ein enkel måte lesast ut av rekneskapen kor stor del av pengane blir brukt til intern verksemd i avdelinga. Det må bli ei utfordring for framtida å finne fram til eit rekneskap som enkelt og greit gjer greie for kostnaden av den verksemda avdelinga sjølv utfører.

Rapporteringa av arbeidsinnsats er basert på at det er 46 arbeidsveker i året, og ein arbeidsmånad består av 46/12 (3.83) arbeidsveker. For omrekning av vekerverk til pengar er kvart vekerverk sett til kr 5000. Planlagt bruk av ressursar er basert på beløp innafor rammene i budsjettet for 1993, slik det vart sendt til DN og SFT 13 januar 1992. Rapport over bruk av pengar er basert på førebels rekneskap for 1993.

Vedlegg 1 Ressursoversikt 1993

Vedlegg 2 Posterings- og Belastningsfullmakter 1993

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, MILJØVERNAVDELINGA

RESSURSOVERSIKT 1993 (P = Plan, R = Resultat)

(Månadsverk og kr 1000)

DN OG SFTS INNSATSONMRÅDER	M 1		M 2		M 3		M 4		M 5		Øvr.		Sum (uv.)		Budsj.midler		Resultatvurdering	
	P	R	P	R	P	R	P	R	P	R	P	R	P	R	P	R		
1. Biologisk mangfold														0	0	1		
2. Vern og forvaltning av områder							34	26					10	34	36	560	1108	1406,01,11,31
3. Vilforvaltning												26	20	26	20	881	913	1406,01,11,70,71
4. Miljøovervåking / naturens tålegr.												1	1	1	1	3		
5. Laks og innlandsfisk			23	33								34	20	57	53	891	1242	1406,01,11,70,
6. Kyst og marin naturforvaltning	2	4										3		5	4	266	84	1406,01,11
7. Naturinngrep					21	9						18	7	39	16	539	174	1406,01,11
8. Kulturlandskap					10	4								10	4	140	95	1406,01,11,31
9. Friluftsliv					14	7							8	14	15	196	950	1406,01,11
SUM DN	2	4	23	33	45	20	34	26	0	0	82	66	186	149	3477	4566		
10. Klimaendringer														0	0			1406,01,11
11. Forsuring														0	0			1406,01,11
12. Lokal luftforurensning og støy					3							4	2	7	2	37	45	1406,01,11
13. Miljøgifter												1	1	1	1	8	26	1406,01,11
14. Overgjødning			4	5								24	15	28	20	435	469	1406,01,11
15. Inngrep og arealbruk i vannmilj.			3	2								15	5	44	7	493	223	1406,01,11
16. Akutt olje- og kjemikalief.													3	0	3	1	103	1406,01,11
17. Helsekadelige stoffer og prod.														0	0			1406,01,11
18. Avfall og gjenvinning									22	26		18		40	26	510	594	1406,01,11
19. Spesialavfall/bilvrak									5			8	7	13	7	137	142	1406,01,11
SUM SFT	0	0	7	7	3	0	0	0	27	26	70	33	133	66	1621	1602		
20. Administrasjon og drift														28	98	1.376	2074	1501,01,1406,01,11
SUM TOTALT	2	4	30	40	48	20	34	26	27	26	180	197	347	313	6474	8242		

M1 : Forvaltning av kystområda
M2: Vassfragsforvaltning
M3: Miljøomsyn i arealplanlegging
M4: Områdevern
M5: Avfall og attvinning

POSTERINGS- OG BELASTNINGSFULLMAKTER I 1993

Frå	PFM BFM	Namn	Bevilga	Kap	Post
MD	B	MIK-Tilskot til lon og opplæring	8.700.000	1402	60
Afm	Skap	Prosj.leiar miljø sysselsett.	153.000	0591	60
RA	B	SEFRAK-reg. Ref.egenandel	150.000	1429	71
RA	B	Ref.egenandel kulturavd	112.500	1429	72
DN	P	Forvaltning av naturvernområde	500.000	1427	11
DN	P	Tilrettelegg.friluftsområde	100.000	1427	31
DN	P	Tilskott til friluftsområde	318.000	1427	62
DN	P	Erstatningar etter naturvernlova	300.000	1427	30
DN	P	Ute-Informasjonnssatsing 1993	325.000	1427	31
DN	P	Nasj.reg. kulturlandskap P-951	205.000	1427	11
DN	P	Ottadalen villreinområde	90.000	1427	60
DN	P	Snohetta villreinområde	60.000	1427	60
DN	B	Viltnemndene	770.000	1427	60
DN	P	Utgifter til fallvilt	172.467	1427	60
DN	P	Utgifter til jegerproven	34.908	1427	11
DN	P/B	Erstatning rovviltskade sau 1992	985.725	1427	73
DN	P	Villreintiltak	134.000	1427	71
DN	P	Tilsyn sau-jerv, forebygg.tiltak	250.000	1427	73
DN	P	Rovviltskader Tingvoll 1992-overvaking	7.000	1427	73
DN	P	Gyrodactylus salaris 1993 P-67800	2.498.000	1427	11
DN	P	Fisketiltak/Innlandsfiskeprogr.	80.000	1427	70
MD	P	Utarbeiding slamplan (fornya fullm)	20.637	1442	63
SFT	B	Lokal overvaking vassforekomstar	150.000	1441	11
MD	P	Fylkesavlopsplan	150.000	1442	63
SFT	B	Etterlatt spesialavfall	45.000	1441	71
SFT	B	Avfallsbeh. og gjenvinning	348.950	1441	61
SFT	P(B)	Komm.mottaks- og innsamlingsordning	250.000	1441	61
SNT	B	LORAKON/Overvak.radioakt.næringsm.	140.000	1150	70
SFT	B	KR.SUND prosj nr 93629	36.475	1441	61
SFT	B	FYLLPLASSAR, handlingplan ved oppgradering	50.000	1441	11
SFT	B	Våtorganisk avfall	25.000	1441	61
MD	B	"Aksjon vannmiljø"-Egenandel SKAP	410.000	1442	63
DN	P	Vassdragsplanlegging P-914	140000	1427	11

Til Saman:

17.711.662